

Vedtak:

I Sykkylven kommune gjeld utvida bandtvang i perioden frå og med 1.april til og med 30.september.

For følgjande område gjeld alminneleg bandtvang frå 1.april til og med 20.august;

1. Området frå Stavekollen til Svartebekk avgrensa i syd til Stavekollen, Kalddalen og Flatehornet (N), i vest av gamle Sykkylvsbru, i aust av Sykkylvsfjorden og i nord av Storfjorden, då det ikkje er beitande bufe i området.
2. Turstien frå Aursnes til Rundesteinvika, samt turområdet ved Kurseth, Myrseth og Hovdeåsen på nordsida av fylkesvegen, då det ikkje er beitande bufe i dei angjevne områda.

For følgjande område gjeld bandtvang heile året; for oppkøyrde løyper rundt Nysætervatnet, i parkar, på kyrkjegardar, på og ved skular, barnehagar og anlegg for leik, idrott, sport eller rekreasjon jf Hundelova § 6, 2.ledd bokstav b). Rekreasjonsområde vert definert til Haugneset friområde, Aursneset friområde og badeplassen ved Andestad.

Unntak frå bandtvang går fram av § 9 i hundelova. Dette gjeld m.a.:

- dressert hund brukt til gjeting
- hund i aktiv politi-, militær- og redningshundteneste eller under trening eller prøving for slik teneste
- hund i aktiv bruk som ettersøkshund etter såra vilt
- hund brukt til jakt, jakthundtrening og jaktprøving

Vedtak vert gjort av kommunestyret i medhald av lov 4.juli 2003 nr. 74 om hundehald (Hundelova) § 6.

Oversendingsforslag:

NU får i oppgåve å kome med forslag til eit område i kommunen der det kan trenast for hund.

Med helsing


Heidi Heggem
konsulent fellestenestene

Kopi til:

Stranda kommune	Øyna 13, 6200 Stranda
Lensmannen i Sykkylven	Pb 70, 6239 Sykkylven
Sunnmøre Politidistrikt	Pb 1353 Sentrum, 6001 Ålesund